

Vedlegg 4

Herr Hans H. Urdahl.

*med hilsning
Per.*

UTSKRIFT

av

Rettsbok for Indre Sogn heradsrett.

Hovudføreaving.

År 1980 den 24. juni vart det halde rett på Solstrand pensjonat, Luster.

Rettsformann: sorenskrivar Arne Ekeberg.

Domsmenn: 1. Bonde Torstein Tokvam, Aurland og
2. Bonde Per Lunde, Aurland,
som begge har gjeve lovnad på tru og ære før

Bokfører: dommaren.

Sak nr. A 11/1979.

Saksøklar: Lars Ellingseth m/fl. Luster.

Prosessfullmektig: H.r.adv. Per Urdahl, N.Vollgt. 4, Oslo 1.

Saksøkt: 1. Hans og Elen Skildheim, Luster.

2. Per Kvamsdal, Luster .

Hjelpeintervenientar: Tomas Kalstad og Sverre Stokkenes, Luster.

Prosessfullmektig: Adv. Worm D. Hirsch, Sogndal.

Saka gjeld: Tvist om rett til vatn m.v.



År 1980, den 8. juli, heldt førehavinga av saka fram på sorenskrivarkontoret, Sogndal, med same samansetjing av retten som før.

Etter rådlegging og røystegjeving for stengde dører vart det sagt slik

dom:

På garden Saude i Luster med 5 gardsbruk har det alltid vore vanskar med å finna vatn nok på eigen eigedom. Frå gammalt av har det difor gjennom vassveit blitt leia vatn til garden. Denne vassveita har gått frå elva (Røseteelva) og om Gjøng, der det på føresommaren var godt med vatn, over Skildheimseigedomane og til Saude, ein strekning på om lag 3 km. Vassveita var truleg i si tid lagt med tanke på jordvatning, men har også hatt å seia for drikkevassforsyninga då veita gav tilsig til brunnane (bekkene) på Saude. Berglaget der vatnet frå veita vart slept, tente som eit reservoar. I turre år vart det elles problem med drikkevassforsyninga og då vart det køyrt vatn frå Skildheim.

I slutten av 1860-åra vart det bygd ny vassveit frå Gjøng til Saude. Dette går fram av eit skjønn som vart halde 7. juni 1869 og som skulle fastsetja kor stor skadeserstatning "Skildums eiere bør godtgjøres af Søvdes eiere, for Afgivelse af Grund med de brugte Materialer til Vandledningen fra Jøng." Det er likevel ikkje omtvista at det haddé vore vassveit tidlegare, men då truleg høgre oppe i lia.

I etterkrigsåra låg jordvatninga nede, vassveita vart ikkje lenger vedlikehalden så godt som før, det oppsto lekkasjar, og det vart vanskar med å få vatn fram gjennom veita. I 1969 vart difor brukarane på Saude einige om å leggja plastleidning i veita for betre å samla opp vatnet. Då dei skulle leggja leidninge viste det seg likevel at det var turt på Gjøng, likeeins var det turt i det gamle inntaket i Røseteelva. Derimot var det vatn i ei oppkome ved Akslane på eigedomen til Hans Skildheim, og leidning vart då lagd frå denne oppkoma og til Saude. Seinare har elles Ola G. Fuhr lagt slange heilt fram til elva ved Krekaflaten som ligg noko høgre enn det tidlegare inntaket. Vatnet som blir teke herifrå, kjem og dei andre brukarane på Saude til gode.

I 1977 og utetter oppsto det usemje mellom brukarane på Saude -saksøkjarane i denne saka- på den eine side, og Hans Skildheim med fleire på den andre sida -saksøkte og hjelpe-intervenientane i denne saka- om retten til å ta vatn frå oppkoma

i Akslane. Dei vart ikkje einige. Brukarane på Saude tok ut forliksklage 27. juli 1978. Saka vart handsama i Luster forliksråd 6. september 1978. Det kom ikkje til forlik og saka vart vist til retten.

Lars Ellingseth, Hans T. Urdahl, Hans H. Urdahl, Kristina og Susanna Urdahl, Ola G. Fuhr og Maria Søvde har deretter reist søksmål mot Hans og Elen Skildheim og Per Kvamsdal og har ved h.r.advokat Per Urdahl i stemming til retten 10. mars 1979 sett fram slik påstand:

- "1. Sameigarane på Saude har rett til å ha liggjande slange i Sausveiti og føra vatn i denne frå oppkoma i Akslane.
2. Saksøkte nr. 1 betalar skadebot til sameigarane for ulempe og tap dei er påførde ved hans herverk på vassforsyningi, førebels avgrensa til kr. 5.000,-.
3. Dei saksøkte betalar sakskostnader".

Dei saksøkte med Tomas Kalstad og Sverre Stokkenes som hjelpeintervenientar har teke til motmøle og har ved advokat Worm D. Hirsch 8. mai 1979 gjeve tilsvar og lagt ned slik påstand:

- "1. De saksøkte frifinnes.
2. De saksøkte tilkjennes saksomkostninger hos saksøkerne".

Hovudforhandling i saka vart halde i Luster 24. og 25. juni 1980. Partane møtte slik det går fram av rettsboka framanfor, dessutan møtte begge prosessfullmektigane. Det vart avhøyrte 10 vitne og føreteke slik dokumentasjon som rettsboka viser. Retten saman med partar, hjelpeintervenientar, prosessfullmektigar og nokre av vitna hadde dessutan synfaring langs vassveita. Det vart her høve for partane og andre å peika på det dei meinte hadde interesse for saka.

Under hovudforhandlinga fråfall saksøkjarene punkt 2 i den attgjevne påstanden framanfor.

På vegner av hjelpeintervenientane sa advokat Hirsch frå at dei vedtok dommen i denne saka som bindande for seg og at dei såleis var å sjå som sterke hjelpeintervenientar, jfr. tvml. § 79, 2. leden, og Bratholm og Hov: Sivil rettergang s. 180.

Ola G. Fuhr har i brev til retten 7. mai 1979 sagt frå om at han ikkje vil stå som saksøkjare i saka. Dei saksøkte har ikkje hatt noko å merka til dette. Den sameiga som saksøkjarene representerar, har ikkje noko særskilt organ til

å handla for seg, og det er difor naturleg at sameigepartane står som personlege saksøklarar, jfr. Mads Andenæs: Sameier og selskaper s. 386. Eit mindretal i ei sameige kan av fleirtalet snaútt tvingast til å stå som saksøklarar i ei rettssak. Om mindretalet elles materielt sett blir bundne av fleirtalsvedtak, er ei anna sak. Ola G. Fuhr har aldri gjeve sitt samtykke til å stå som saksøklar og skulle difor ikkje har vore med i stemninga frå først av. Det må difor sjåast som ein feil at han er komen med, og det skulle difor heller ikkje trengjast nokon særskild orskurd for å heva saka for hans vedkomande. Han fell utan vidare bort som saksøklar.

Etter oppmoding frå partane er det ved orskurd av retten 28. september 1979 oppnemnt fagkunnige domsmenn i saka, men innanfor det vanlege domsmannsutvalet, jfr. domstolsl. § 88, 1. leden.

Saksøklarane hevdar at oppkoma i Akslane det er tvist om, er bygt inn i sjølve vassveita og tilhøyre brukarane av veita på same måten som vatnet frå elva og vatnet frå Gjeng. Vatnet frå oppkoma vil heller ikkje koma saksøkte til gode om det får renna fritt, men endå om så skulle vera så må vatn til vatning stå tilbake for drikkevatt som saksøklarane treng frå denn oppkoma, jfr. vassdragsl. § 15.

Brukarane av veita må ha eigedomsretten til grunnen der veita går, men dette er ikkje så vesentleg. Det viktige er retten til å gjera seg bruk av vatnet, og bruksmåten må kunna endrast etter som tilhøva skifter. I dag må det kunna nyttast plastslange i staden for veit for betre å utnytta vatnet, på den måten kan endå små vassmengder førast fram over lange strekningar. Det kan heller ikkje vera noko til hinder for å leggja særskild leidning til dei einskilte vasskjelder. Det er aktuelt med plastslangar både til Gjeng og til elva med tanke på vatning, men ved Akslane er det drikkevatt det gjeld.

Vassdragsl. § 1 om at vass-samlingar tilhøyre grunn-eigaren får ikkje noko å seia i dette høvet, då oppkoma i Akslane naturleg høyrer til vassveita og alltid har vore brukt i samband med denne. Truleg har ikkje oppkoma kome i dagen før veita vart bygd i slutten av 1860-åra, før gjekk vatnet i grunnen. Det ligg såleis her føre "Særlege rettsforhold" som går føre grunneigaren sin rett. Den skadeserstatning som vart gjeve til Skildheim i 1869 skulle nettopp dekkja ulemper Skildheim fekk ved at veita tok opp vatn som før hadde runne fritt.

Saksøkte har halde fram at det ikkje kan vera tvil om at

det er Skildheim som eig oppkoma i Akslane, og at det er ein bruksrett Saude har til å føra vatn over Skildheimeigedomen.

Då saksøklarane la slange opp i oppkoma, vart det i førstninga ikkje gjort motmæle til det fordi saksøkte rekna med at det berre var mellombels inntil saksøklarane fekk ordna seg med slange til elva. Dessutan var det framleis råd for beitedyra å finna vatn i oppkoma. I 1975 steina saksøklarane oppkoma ned slik at dyra ikkje lenger fekk drikka, og i 1977 då det var turt, måtte saksøkte også gå opp i oppkoma med ein slange under veita for å få vatn fram til dyra.

Oppkomer går inn under § 1 i vassdragslova og det er grunneigaren som eig slike, det same må og gjelda grunnvatnet, jfr. Ross: Vannforsyning og vannavløp s. 212 og artikkel av h.r.advokat Hustad i Bondebladet 9. januar 1979. Det er og grunneigaren som har rett til utnytting av oppkomene, jfr. vassdr. l. § 14, Rt. 1967 s. 620 og Ross: Vannforsyning og vannavløp s. 69 og 71. Kor mykje grunnvatnet har å seia viser den nye lova om vern mot vannforurensing av 26. juni 1970, jfr. Ross s. 125-127. Heller ikkje på Skildheim har det vore overflod av vatn, difor vart det grave skråveiter over Skildheimsgjerdet for å føra vatn ned mot Skildheim og grenda nedanfor. Det har alltid runne vatn under vassveita, slik var det og med oppkoma ved Akslane. Vatnet frå denne rann naturleg inn under veita og litt inn i veita. For saksøklarane har det aldri tidlegare isolert sett vore spørsmål om å ta vatn frå Akslane, og vatnet herifrå kan umogeleg dekka behovet for 6 husstandar på Saude. Kva bruk Skildheim og grenda nedanfor gjer seg av vatnet frå Akslane er elles utan interesse, hovudsaka er at det kjem dei til nytte.

Retten ser saka slik:

Det er ikkje usemje mellom partane om at saksøklarane har rett til å ha liggjande vassveit over dei saksøkte sine eigedomar. I prinsippet er det og semje om at i staden for å la vatnet renna direkte i veita, kan ein no føra det i slange. Frå den staden der veita har sitt utgangspunkt og til framføringsstaden vil ho få større eller mindre tilsig fleire stader. Kan det frå desse tilsigsstadene leggjast særskilde slangar, for på den måten å auka vassmengda, ein ynskjer å føra fram? Generelt kan ikkje retten ta stode til dette, då svaret på spørsmålet nok kan visa seg å vere ulikt på dei ymse stadene. Det som konkret skal avgjerast, er om vatnet frå oppkoma i Akslane ved særskild plastslange skal kunna førast fram til saksøklarane sine eigedomar.

I 1977 vart det mellom partane tilsynelatande

gjort ein avtale om korleis vassuttaket frå Akslane skulle ordnast. Det var ein munnleg avtale, men partane er usamde om kva den gjekk út på. Hans Skildheim og Per Urdahl som gjorde avtalen, har gjeve kvar sine versjonar av korleis avtalen kom i stand og kva innhald avtalen hadde, og retten finn difor ikkje å kunna leggja nemnande vekt på denne.

Oppkoma i Akslane kjem ut av ei ur, ikkje i, men likevel ved sida av vassveita som har teke opp det meste av vatnet. Veita er her heller flat så det har laga seg ein dam eller liten høl på denne staden. Når tilsiget var stort ville sjølve oppkoma ikkje synast, vasshølen ville vera så stor at han dekka både veita og området rundt oppkoma, det heile ville gå i eitt. I denne vasshølen har beitedyra på Skildheim funne drikkevatt, det var einaste staden dei kunne vera sikre på å finna det.

Slik retten ser det har dette oppkomevatnet så nær samanheng med vassveita at det alltid må ha runne nedi denne så lenge veita har eksistert. Det er sikkert rett at også noko av vatnet har runne under veita, men ingen ville ha kunna hindra eigarane av veita i å gjera denne så tett at det aller meste av oppkomevatnet ville ha blitt samla opp der. Noko krav på at oppkomevatnet skal renna under veita, finn retten det klart at saksøkte ikkje har. Derimot har saksøkte krav på at vatnet skal renna som før frå oppkoma inn i veita, slik at den gamle drikkeplassen for dyra kan oppretthaldast. Å leggja plastslange opp i sjølve oppkoma og ta vatnet der finn retten det difor like klart at saksøkarane ikkje har lovleg høve til.

Oppkoma ligg på saksøkte Hans Skildheim sin eigedom, men han kan likevel ikkje her rå over vatnet åleine. Som før nemnt, er det så nær samanheng mellom vassveita og oppkoma at ein må sjå det som eit "Særleg rettsforhold" i høve til vassdragslova § 1. Alt då vassveita vart lagd, var ein nok klar over ulempene ved avskjering av vassårer for Skildheimsbruka, og desse ulempene må ein gå ut frå er tekne omsyn til ved fastsetjinga av skadeserstatningen den gongen. Dei saksøkte har difor heller ikkje på si side rett til å føra leidning under vassveita og inn i sjølve oppkoma.

Har då saksøkarane rett til å føra vatnet med særskild plastslange frå denne staden? Slik retten ser det, må dei ha høve til det om inntaket ligg i sjølve veita og saksøkte sin rett til beitevatn ikkje blir skipa. Det har under hovudforhandlinga blitt sagt at det dei siste åra har vorte gjort inngrep i ura der oppkoma ligg slik at ho ikkje renn som før. Det er vanskeleg for retten å veta noko sikkert om det. Etter retten si meining kan

ingen av partane isolert gjera inngrep ved sjølve oppkoma, då han dermed kan øydeleggja den andre parten sin rett.

Med tilvising til det som ovanfor er sagt må saksøklarane når dei legg plastslangen i veita ta omsyn til at saksøkte har rett på ein drikkehøl for beitedyr. Dette kan, om det ikkje lenger lagar seg høl på naturleg vis på grunn av inngrep som måtte vera gjorde, ordnast ved å byggja ein liten terskel i veita før inntaket for plastslangen. At partane ved avtale seg i mellom kan innretta seg på anna vis, er sjølv sagt. Retten føreset at dei drikkekara saksøklarane har sett opp, blir fjerna. Om framføring av ^{vann} høl frå Akslane kan gje ei tilfredsstillande vassføring for Saude finn ikkje retten grunn til å koma inn på.

Ingen av partane har fått fullt medhald, og retten finn difor etter tvml. § 174, 1. leden, at kvar av partane må bera sine kostnader med saka. Retten har i den samanheng vurdert om nokon av partane burde illeggjast sakskostnader etter tvml. § 174, 2. leden, men har ikkje funne sterke nok grunnar for dette.

Dommen er samrøystes.

Domsavgjerd:

1. Sameigarane på Saude har rett til å ha liggjande slange i Sausveita og føra vatn i denne frå oppkoma i Akslane, likevel slik at inntaket for slangen må plasserast i sjølve veita, og drikkeplass for beitedyr ved oppkoma må haldast oppe.
2. Kvar av partane ber sine sakskostnader.

Dommen vart opplesen for opne dører utan at partane eller deira prosessfullmektigar var til stades, og blir difor å forkynna på vanleg måte.

Rettsmøtet slutt.

Arne Ekeberg

Per Lunde

Torstein Tokvam

Rett/utskrift

